



Alver kommune Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 955268e3-fea6-4558-93ac-06e8e5e972a1

Vår: 23/4489 - 23/57074

Saksbehandlar:

Laila Bjørge

laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:

06.07.2023

Løyve etter jordlova til omdisponering av fulldyrka jord til vegføremål - gbnr 324/7 Langeland

Administrativt vedtak

Saknr: 732/23

Eigedom:

Gbnr: 324/7

Vedtak :

Alver kommune gjev med heimel i jordlova § 9 samtykke til omdisponering av 0,066 daa fulldyrka jord til vegføremål som omsøkt på gbnr 324/7.

Vedtaket er gjeve på følgjande vilkår:

- Matjordlaget som vert gravd vekk i samband med flytting av veg skal nyttast til å forbetra jordbruksarealet andre stader på eigedomen
- vegen må kunna brukast til jordbruksføremål
- vegen må utformast slik at det ikkje er høgdeforskjell mellom vegbana og jordbruksarealet, på same måte som eksisterande veg har.

Saka gjeld

Saka gjeld søknad om omdisponering av 0,066 daa fulldyrka jord i samband med flytting av veg. Det må etablerast ein ny tilkomstveg, i samband med at avkøyrsløp frå Sagstadvegen 63-69 til fv 5308 skal stengast permanent. Søknaden krev handsaming etter jordlova § 9-omdisponering, sidan vegen delvis vert lagt på fulldyrka areal.

Multiconsult søker på vegne av Vestland fylkeskommune. Frank Rune Dale er eigar av gbnr 324/7. Tiltaket er ein del av ein større plan med forbetring av trafikkale tilhøve på fylkesveg, ny gang og sykkelveg og rundkøyring i området Frekhaug-Fossemyra.

Jordlovshandsaming er landbruksmessige vurderingane som inngår i handsaming av dispensasjon etter plan- og bygningslova.

Planstatus/gardskart:

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Meland sin arealdel er definert som LNF. Eksisterande veg (Torvvegen) inngår i reguleringsplan for Langeland (plan-id: 125620031126).

GBNR 324/7 er i gardskart registrert med fylgjande areal

Arealfordeling		Arealfordeling på teignivå								
Matrikelnummer	Antall teiger	=	≡	≡	≡	Annet markslag	Bebygg, samf., vann, bre	Ikke klassifisert	Sum grunneiendom	
☐ 4631-324/7 Areal i dekar										
4631-324/7	1	15,6	0,0	0,0	23,6	1,9	12,6	0,0	53,7	
4631-324/90	1	0,0	0,0	0,0	0,5	3,9	0,1	0,0	4,5	
Sum	2	15,6	0,0	0,0	24,1	5,8	12,7	0,0	58,2	



Jordbruksarealet på bruket er opparbeid med til køyrde massar og i god stand. Arealet er vekk leigd til mjølkebonde i nærleiken, og inngår i forgrunnlaget på dette bruket. Tilkomstvegen midt i stykket bidreg til god og rasjonell drift, og redusert jordpakking.

Uttale:

Søknaden er oversendt landbruksavdelinga frå plan- og byggesak i samband med dispensasjonssøknad. Jordlovsvedtaket vert oversendt plan- og byggesaksavdeling og vil inngå som ein del av kunnskapsgrunnlaget i dispensasjonssaka.

Vurdering

Arealet er definert som fulldyrka areal. Før arealet kan nyttast til andre føremål enn landbruk, må det ligga føre vedtak om omdisponering etter jordlova.

Omdisponering etter jordlova § 9

I jordlova § 9 1.ledd står det «Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon.

Formålet med forbodet mot omdisponering er å verna produktive areal og jordsmonn. Det grunnleggjande formålet er jordvern, det vil sei å sikra matproduserande areal. I jordlova § 9 2.ledd er det opna for å gje dispensasjon frå 1.ledd i særlege høve der «det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika»

Ein kan gje samtykke til dispensasjon etter ei samla vurdering av forholda. I jordlova § 9 2.ledd er det sagt kva omsyn som skal tilleggast vekt ved vurderinga: «ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagn ei omdisponering vil gi. Det skal òg takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon»



Figur 1 Kart som viser planlagt veg og ortofoto som viser situasjon i dag. Vegen vert flytta nokre meter inn på teigen

I forbindelse med ombyggingen av fylkesvei 5308 Sagstadvegen skal et sidetiltak/Sagstadvegen utvidast.

Eksisterende avkjørsel fra privat veg Sagstadvegen 63-69 til fv 5308 Sagstadvegen skal stenges permanent når arbeidet er utført.

Det er godkjente planar etter plan- og bygningslova som er årsaka til at vegen må flyttast. Formålet med planane er mellom anna å auka trafikktryggleiken for gåande og syklende, og det er soleis ei samfunnsinteresse av stor vekt som ligg til grunn for søknaden. Sjølv om det er eit nasjonalt mål at dyrka mark skal takast vare på, er det i denne saka samfunnsinteresser som går på trafikktryggleik som kan forsvare at det vert gjeve samtykke til omdisponering.

Arealet ligg heilt i utkanten av det fulldyrka arealet, så arrondering og storleik på teigen vert lite berørt av tiltaket. Det er eit relativt lite areal (0,066 daa) og det vil ikkje medføra drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området om vegen vert flytta nokre få meter inn på teigen. Utforming av vegbana langs jordbruksarealet er viktig for ei rasjonell drift og det vert difor sett vilkår om dette. Likeins bør matjordlaget (øverste 30 cm) takast vare på og nyttast til å forbetra jordbruksarealet andre stader på egedomen.

Konklusjon:

Med bakgrunn i vurderingane over har kommunen kome fram til at omsyna bak omdisponering ikkje vert sett til side som følge av at det vert gjeve løyve. For å ivareta landbruksinteressene er det sett vilkår i saka.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 23/4489

Bortfall av løyve

Samtykke til deling fell bort om oppmåling ikkje vert rekvirert innan 3 år etter at delingsvedtaket vart fatta, jf. jordlova § 12 (8). Dispensasjonen fell bort dersom arbeid for å nytta jorda til det aktuelle føremålet ikkje er sett i gang innan tre år etter at vedtaket er gjort, jf. jordlova § 9 4.ledd.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Siril Sylta
Tenesteleiar

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG

Mottakarar:

Frank Rune Dale
Multiconsult Norge As Avd Bergen

Sagstadvegen 67
Nesttunbrekka 99

5919 Frekhaug
5221 Nesttun